

Region nordvest

>>

VÅR I MATSUE

– Denne vinteren har eg tenkt fleire gonger med litt vemod på ting eg kanskje gjer for siste gong. Det blir heimreise i desember, og difor blir resten av dette året særleg viktig for meg, skriv Inger Valbø, vår utsending i Japan.

[LES MER SIDE 43](#)

>>

Besøksadresse:

Myrabakken Næringsenter,
Spjelkavikvn 132, 6010 Ålesund
E-post: nordvest@nlm.no

Regionleiar og ansvarleg redaktør: Jon Ove Holen

Administrasjonsleiar:

Anne-Marit Engås

Ungleiar: Geir Henning Tunheim

FOTO: INGER VALBØ

KOMMENTAR



SVERRIR OLAFSON
Regionstyreleder

Misjonsvenn, en hederstittel

Har du tenkt over hvilken rolle vi som misjonsfolk har? Det gikk opp et lys for meg da vi i Misjonsalen i Ålesund for noen år siden fikk besøk av en større gruppe fra Taiwan. De var kinesere som var kommet til tro på Jesus gjennom det arbeidet som misjonen driver. Evangeliet hadde fått så gjenomgripende og stor betydning for dem at de kom ens ærend til Norge for å takke misjonsfolket.

Jeg har aldri vært på Taiwan, og det har de færreste av oss. Like fullt kom de helt til Norge for å takke oss. Ordet om Jesus hadde nådd dem gjennom det arbeidet som vi driver. Det gjorde uslettelig inntrykk på meg da de stod framme i salen og sang velsignelsen. Jeg ble rørt til tårer.

Da gikk det opp for meg at det arbeidet vi står i her hjemme er en viktig del av misjonsarbeidet. Våre utsendinger på Taiwan og i andre misjonsland er helt avhengige av at vi som sendemenighet står trofast bak dem i bønn og givertjeneste.

En viktig brikke. Anna Sæther fra Nordmøre har i en årrekke vært vår misjonær på Taiwan. Hun har ofret mye gjennom et langt liv. Hun var ledsager og tolk for våre kristne søsken fra Taiwan da de var på rundreise i Norge. For meg var det underlig at vi som lever et komfortabelt liv her hjemme ble gjenstand for takk. Hva har vi ofret? Hva har vi bidratt med?

Da kineserne stod framme på podiet og sang og takket misjonsfolket gikk det opp for meg at vi som sendemenighet var en viktig brikke i det store misjonsarbeidet. Mange mennesker blir nådd med evangeliet og får møte Jesus gjennom våre misjonærer. Men de

kunne ikke stått i dette arbeidet uten at vi som misjonsfolk gir av hjertet til misjonen og at vi husker på våre utsendinger i bønn.


Gitt resultater. Vårt misjonsarbeid har lange røtter og mange forgreninger. Våre kristne søsken fra Taiwan viste oss bilde av en kineser som var grunnlegger og en viktig person for det kristne arbeidet på Taiwan. Han var kommet til tro gjennom Kinamisjonsforbundet (nå NLM) sitt arbeid i fastlands-Kina.

Etter at kommunistene overtok styret på fastlandet ble Kina stengt for misjon, og de kristne ble utsatt for store forfølgelser. Han ble fordrevet fra fastlands-Kina av

«Arbeidet har kostet, men det har ikke vært forgjeves. Misjonsarbeidet har gitt resultater.»

myndighetene som nektet ham å returnere etter et utenlandsopphold. Da slo han seg ned på Taiwan der han ble helt sentral i oppbygningen av kirken. Gjennom forfølgelse har evangeliet blitt utbredt til nye steder. Arbeidet har kostet, men det har ikke vært forgjeves. Misjonsarbeidet har gitt resultater.

Kjære misjonsvenn, vi er privilegerte som får stå i en større sammenheng der vi kan være støttespillere i det store misjonsarbeidet som drives lokalt, i regionen og i mange misjonsland. Den store misjonspioneren William Carey hadde som motto: «Vent store ting av Gud! Våg store ting for Gud».



**«Men korset er tomt,
graven er tom.
Jesus stod opp og
han lever.»**

**Vi ønsker alle en
velsignet påskehøytid.**

FOTO: KEVIN CARDEN/ADOBESTOCK



MITT BIBELORD

«Alt har sin tid, det er en tid for alt som skjer under himmelen». Fork 3,1.

Jeg har en tendens til å ville planlegge og ha kontroll selv, og bestemme når ting skal skje i livet mitt. Det tror jeg det er mange mennesker som gjør. Dersom ikke alt går etter planen, kan det være en god idé å tenke litt på dette verset. Det kan være både en trøst og en påminnelse om at det er Gud som er allmektig.



«Alt til sin tid» bruker vi å si. Og det er helt sant. Gud har en plan for livene våre, og vi kan gå på den veien Han har bygd for oss. Han vil det beste for oss, og uansett om vi synes ting går for fort eller for sakte, kan vi hvile i vissheten om at Gud styrer tempoet.

KIRSTI SMENES MEISINGSET

EIT VIKTIG ÅR

Denne våren er det 27 år sidan eg kom til Japan første gong. Det har blitt nokre turar fram og tilbake. Takk til dykk misjonsvenner som har gjort det mogleg å bu og arbeide i Japan desse åra. Takk for at eg får vere dykkar utsending!

INGER VALBØ, JAPAN

Denne vinteren har eg tenkt fleire gonger med litt vemod på ting eg kanskje gjer for siste gong. Det blir heimreise i desember, og difor blir resten av dette året særleg viktig for meg. Eg skulle så gjerne sjå litt resultat av Ordet som er sådd gjennom desse åra. Det er mange som kjem på engelske bibelklasser, og nokre har gått der i mange år. Kanskje kan det bli eit lite puff for dei at eg skal reise? Eit puff til å ta eit steg på trusvegen?

To gonger i månaden kører eg til Nima, om lag to timer vestover frå Matsue, der 6-10 kvinner i godt vaksen alder møter opp. Berre to av medlemmene er kristne, men fleire viser interesse for Bibelen. Vil de be om at dei ser at dei har bruk for Jesus i livet sitt, og vågar å ta det første steget?

BIBELSTUDIE FOR ELDRE. I Izumo kyrkje har eg engelsk bibelklasse etter gudstenesta ein gong i månaden. Den eldste i klassa er 87 år. Han er pensjonert engelskclærar og snakkar og les godt engelsk. Vil de be om at han må forstå at Jesus er den einaste vegen til frelse og fred?

I februar fekk eg feire 97-årsdagen til mi «japanske mor». Bortsett frå litt vonde føtter er ho frisk, og ho har godt humør. Dotter hennar har vore ein kristen frå ho var ung, men sjølv har ho vakse opp med ein annan religion og synest det er vanskeleg å forstå Bibelen. Ein gong i månaden får eg lese Bibelen ilag med henne og dottera. Tenk om ho kunne ta imot Jesus og bli døypt før eg reiser heim i desember?

NOKRE REISER, ANDRE KJEM. Denne våren reiser fleire i det internasjonale fellesskapet tilbake til heimlandet. Desse har vore ein ressurs i ungdomsarbeidet og vil bli sakna. Heldigvis



Engelsk bibelklasse i Nima.



Vinter og vår i Matsue.

BEGGE FOTO: INGER VALBØ

VÅR UTSENDING



FOTO: MARIUS BERGERSEN

Inger Valbø kjem frå Sjøholt på Sunnmøre. Ho kom til Japan første gang for 27 år sidan. Bur no i byen Matsue, og er utsending for NLM.

kjem det nye. Ei ung dame frå USA har tatt kontakt for å spørje etter ei kyrkje ho kan gå i når ho flyttar til Matsue til våren for å jobbe som engelskclærar. Ho kjenner at Gud har kalla henne til å vere i Japan for å vitne om Jesus. Vi får også nye NLM-misjonærar til om-

rådet frå hausten. I april skal David Thorsen gifte seg med Caroline Kazuko frå Australia. Dei er plasserte i nabobyen Yonago, men dei skal også hjelpe til med ungdomsarbeidet i Matsue.

Følg med på ingervalbo.blogspot.com.

Regionmøte

NLM region nordvest

Hornindal
30.-31. mai



Rolf Kjøde
høgskulelektor NLA



Berit Ådnanes
regionleiar NLM utland



Hartvig Kloster
dagleg leiar OAC Norge

LAURDAG

- 10.30-11.15 Registrering av utsendingar
Registrering *Barnas*
11.30 Åpningsmøte for alle
Andakt: Hartvig Kloster
12.45 -16.00 Årsmøte NLM region nordvest
Barnas
16:00 Middag
17.30-18.30 Seminar/ *Barnas* held fram
19.00 Kveldsmøte
Tale: Rolf Kjøde
Misjon: Berit Ådnanes
21:00 Kveldsmat
21.30 Alle mot 1

SØNDAG

- 10.00 Bønne- og nattverdsmøte
11.00 Føremiddagsmøte
Tale: Rolf Kjøde
Søndagsskule
12.30 Middag
13.30 Misjonstivoli for små og store
15.00 Møte for heile familien
Andakt: Hartvig Kloster

Seminar laurdag

1. "Misjon der misjon er forbode" - Berit Ådnanes
2. "Korleis dele Jesus med andre" - Hartvig Kloster
3. "Full pakke - trusopplæring" - Sakarias Ingolfsson og Steffen Stensland

Heilag

Barnas

Spennande aktivitetar i to aldersgrupper -
3-6 år og 1-7. klasse.

DÅ MØTTE GUD MEG

UROA VART BORTE

Bjørn Vikenes (90) vaks opp på Ellingsøya i eit trygt bygdemiljø med sundagsskule, møte og misjon. Då han var 11 år, kom det nokre avgjerande dagar.

PER OVE AARSETH

Bror hans, Sigurd, som var litt eldre, kom heim frå møte og tok rundt mora og sa: «I kveld har eg bestemt meg for å fylge Jesus.» Bjørn sat der og lytta. Ei stund etterpå såg Bjørn at Sigurd la hendene på dyna og falda dei. Sjølv knytte han nevane under dyna og sa «Nei, nei!» inni seg.

79 år seinare fortel Bjørn at han sovna godt.

– Men då eg vakna, høyrdie eg ei stemme: «Sigurd kjem til himmelen, men ikkje du!» Bjørn trur det var Gud som tala til han.

Han tenkte på dei store spørsmåla i tre-fire dagar. Sundag bestemte han seg for å gå til Grimstad skule på møte. Skulen og bedehuset var samlingsstad kvar sine gonger. Nokre meinte at han kunne halde seg heime, men han gjekk. Møta var ved forkynnar Andenes frå Misjonssambandet og misjonsstudent Alfild Jakobsen.

VELDIG GLAD. – Eg sat midt i salen, og det eg hugsar best er at Alfild Jakobsen song: «Herre, gjør det stille i mitt indre. Senk din dype fred i sjel og sinn. Send meg så i verden ut å lindre, deres nød som tårer har på kinn!» Eg sa ja til Jesus der eg sat, og eg har aldri angra. Å hugse detaljar er vanskeleg no, men stemma som hadde uroa meg siste dagane, vart borte. Eg kjende meg veldig glad.

Bjørn likte å lese, og det hende at han tok Nytestamentet med seg ut i det fri og sat der og las. Han var også med i gutelag og ungdomsforeining, og på sundagsskulen hjelpte han læraren, Bern Slotsvik, med å lese bibeltekstar.

- Korleis var relasjonane til dei eldre?
- Eldre kristne tok godt vare på oss



Misjon har vore eit sentralt ord i livet til Bjørn Vikenes, som fylte 90 år 26. februar.

FOTO: PER OVE AARSETH

som var unge, særleg når dei forstod at vi ville høre Jesus til. Bern, som vart kalla «Erik-Bern» fordi han var frå Erik-garden, var til mykje hjelpe for meg. Vi hadde mange gode stunder i lag.

FOLKEHØGSKULELÆRAR. Som tolvåring fekk Bjørn ansvar for å fyre i omnen når det skulle vere møte på bedehuset. Det opplevde han som ei tillitserklæring, og han hadde den oppgåva lenge for 50 kroner året.

Etter realskule og handelsskule vart han lærar på fiskeværet Sør-Gjæslingan i Vikna, i området der kona, Edna, er ifrå. Neste stopp blei lærarskulen på Nesna. Seinare var han studiesekretær og lærar, lengste bolken på Borgund (i dag Ålesund) folkehøgskule.

«Eldre kristne tok godt vare på oss som var unge, særleg når dei forstod at vi ville høre Jesus til.»

HIMMELBESØK. – Eg har gjort arbeidet mitt med lyst, men eg veit at eg ikkje har vore så mjuk og romsleg, så snill og sann som eg skulle. Ein gong eg sleit, gjekk det på søvnen laust. Men noko merkeleg hende. Eg låg og vakte, med døra på gløtt. Med eitt vart det lyst i gangen, og eg sette meg opp. Då kom det ein person inn. Eg vart ikkje redd, eg forstod at det var noko spesielt. Då eg såg på han, sa han: «Ver ikkje redd, for eg er med deg! Sjå deg ikkje ottefull ikring, for eg er din Gud! Eg styrker deg og hjelper deg og held deg oppe med mi rettferds høgre hand». Etter dette sitatet frå Jesaja 41,10 var han borte, og lyset også. Eg sovna med ein gong og sov til det vart morgon. Då kjende eg meg heilt utkvilt.

Bjørn Vikenes forstår at dette kan høyrest litt overdrive ut. Sjølv er han likevel sikker på at det var verkeleg, men han veit ikkje om det var ein engel eller Jesus sjølv han såg.



FORNYING AV VESTHEIM

Vestheim har hatt tilnærmet normal aktivitet til tross for byggearbeidet.
Foto: Raymond Falck / Vestnes Bygg

Vestheim er i ferd med å få nytt inngangsparti. Dette gir både et fornyet utseende og nye muligheter for leirstedet.

TEKST JON OVE HOLEN

Vestheim ble bygd i 1960. Etter den tid har det skjedd mange endringer, men inngangspartiet har vært en del av det opprinnelige bygget. Behovet for fornying har vært stort, og nå nærmer det seg slutten av en hektisk byggeperiode.

I tillegg til fornying av eksisterende bygg, er inngangspartiet utvidet med en ny del ut mot parkeringsplassen. Her er det god takhøyde og store vinduer i taket, noe som vil gjøre nybygget både lyst og trivelig. Ny resepsjon/kiosk, egen inngang for våte barn, nytt lager og nye, moderne toaletter er også på plass i bygget.

Ombyggingen startet tidlig i fjor høst. Målet var å bli ferdig rundt nyttår, men noen uforutsette utfordringer har gjort at det har tatt lengre tid enn planlagt. Det har stort sett vært normal drift på leirstedet i byggeperioden. Selv om det har vært noen ekstra utfordringer, har det stort sett gått bra. Men det er



Tegning av det ferdige inngangspartiet.

nok mange barn og ledere som nå gleder seg til å ta i bruk «nye Vestheim».

Det er Vestnes bygg som står for arbeidet. I tillegg har dugnadsfolk gjort en stor innsats. Fornyelsen er et stort økonomisk løft for Vestheim, men deler av kostnaden blir betalt av penger fra salget av Bjarli misjonssenter.

Utbyggingen vil gjøre det enklere å drive det arbeidet som allerede er på stedet. I tillegg håper en at det kan åpne for nye aktiviteter og brukere. Styret vil i tiden fremover arbeide for å øke uteleien og aktiviteten, for å øke inntektene til leirstedet. Det vil også gå ut oppfordring om å være med på fast givertjeneste til Vestheim.



God takhøyde og store vinduer i taket i den nye delen av inngangspartiet.

Foto: Raymond Falck, Vestnes Bygg

VELKOMMEN TIL HORNINDAL

Regionstyret inviterer til regionmøte i Hornindal 30.-31. mai. Dette er et stevne for alle generasjoner, og samtidig årsmøte for NLM region nordvest.

Talere i år er Rolf Kjøde, Berit Ådnanes og Hartvig Kloster. Krasp har øvingshelg parallelt med regionmøtet og de vil også synge på noen av møtene.

Det blir som vanlig godt tilrettelagt for barn i alle aldre. Lørdag er det «Barnas» i ulike aldersgrupper og søndag er det sondagsskole. Møtene foregår i Honndalshallen. Der ligger det godt til rette for møter, måltider og aktiviteter.

Oppdatert informasjon om påmelding, mat, overnatningsmuligheter, priser, «Barnas», program, sakliste og årsmøtedokumenter blir lagt ut på nettsiden vår: nlm.no/nordvest.

Innkalling til årsmøtet med informasjon blir sendt i posten til alle små og store misjonsfellesskap. Ta kontakt med regionkontoret dersom du ikke finner den informasjonen du trenger.

Vær med og be om Guds velsignelse over forberedelsene og samlingene.
Velkommen til Hornindal.

JON OVE HOLEN



KORONA-KONSEKVENSER FOR MØTER OG ARRANGEMENT

NLM ønsker å ta smittefarene i forbindelse med koronaviruset på alvor. Det har allerede ført til en del avlyste arrangement og leirer. Også arrangement som er omtalt i dette regionbilaget kan bli rammet. Vi ber derfor alle om å følge med på nlm.no/nordvest eller ringe oss på 70 17 44 00 for å sjekke om det blir avlysninger. I den grad det er snakk om påmeldinger, vil alle påmeldte få beskjed.



Slyngstad
Elektro A/S

AUTORISERT EL. INSTALLATØR
6265 VATNE

ELIAS BREIVIK as
TRANSPORT

BLINDHEIM INDUSTRIVEG 4
6020 ÅLESUND
FAX: 70 14 24 99
MOBIL: 400 06 384

PURE:
NORWEGIAN SEAFOOD AS

comfort
VALDERHAUG
RØRHANDEL AS

SULA ENTREPRENØR AS
Mauseidvåg småbåthavn
Innendørs/utendørs vinteropplag av båter
Tlf.: 913 05 341

Sve Gravferdsbyrå
Per Arne Sve
6200 Stranda
Telefon: 922 22 140



Radio Nordvest
RADIOEN FOR ØRE & HJERTE

- **Einesvågen** (Torget 6/8) • Tlf 40443469 Ti.-to. 11-17. Fr.-lø. 11-15
- **Kristiansund**, Rørgata 8-10 • Tlf 40443479 To.-fr. 12-17. Lø. 11-15
- **Ålesund**, Brusdalsveien 216 • Tlf 40443460 On.-fr. 12-17. Lø. 11-15



- **Ørsta**, Voldavegen 20 • Tlf 40443454 On.-fr. 10.30-16.30. Lø. 10.30-14.30

SOMMERLEIRER

Vi er heldige og kan tilby et stort utvalg av leirer hele året i regionen vår. Det er ikke lenge til sommeren og sommerleirene står for tur. Man kan velge mellom syv forskjellige sommerleirer til forskjellige aldersgrupper. Finn din leir, og sett av datoene allerede nå!

5.-7. juni: Safarileir
1.-4. klasse, Vestheim ungdomssenter

12.-14. juni: Sport-aktivleir
5.-7. klasse, Vestheim ungdomssenter

12.-14. juni: MIX-leir
1.-4. klasse, Møre barne- og ungdomsskule, Herøy

19.-21. juni: Hakalleleir
3.-7. klasse, Hakallestrand

19.-22. juni: 6° Nord
8.-10. klasse, Vestheim ungdomssenter

22.-24. juni: Superhelt-leir
1.-4. klasse, Solhøgda leirsted

25.-28. juni: Sommerleir
5.-8. klasse, Solhøgda leirsted

Husk også fellesreisen vår til UL på Ålgård, den er 20.-26. juli. For påmelding og mer informasjon om leirene:
nlm.no/nordvest.